

## **Elefanten i rommet. Krav om nasjonal kontroll over energipolitikken.**

Denne vinteren har kome med alarmerande høge straumprisar. Botemiddelet regjeringa har hatt så langt er subsidiar til vanlege folk – og etter kvart også til landbruket.

Regjeringa går langt i å vedkjenna seg manglande kontroll over prisane, og over kraftpolitikken. Det vert uttalt tydeleg at dei ikkje vil rokka ved marknaden, og dei viser, om enn i litt diffuse ordelag, at me er bundne av avtalar.

Kva avtalar? Det er det strid om. Få vil ta ordet EØS-avtalen i sin munn. Men det er denne avtalen som er elefanten i rommet, og det å stikka hovudet i sanden vil ikkje hjelpa i det lange løp.

I mars 2018 gjekk Stortinget inn for ACER som ein del av Energipakke 3. Dette trass i sterk motstand frå folket, frå fagrørsla, frå ordførarar kring i landet og mange andre politiske røyster nasjonalt og lokalt, og ikkje minst frå Nei til EU. Åtvaringane var sterke: dette ville føra til auka prisar og manglande kontroll, og desse åtvaringane har vist seg å slå til. No har me ei handlingslamma regjering som i regjeringsplattforma har sagt at dei vil styra med EØS-avtalen som eit av grunnlaga, avtalen er freda.

ACER bestemmer ikkje prisen. Innretninga i EØS-avtalen, kontroll-organ i EU, ein nasjonal reguleringsmyndigheit frikopla frå politisk styring (RME), fri flyt og forbod mot konkurranseregulerande inngripen, har ført til at styresmaktene står utan dei verktøya som trengs for at dei som våre folkevalde, sjølve kan styra energipolitikken.

Straumprisane er eit symptom på at noko er galt. For hushaldningane kan dette symptomet lindrast ved å gje økonomisk støtte. Men industrien kan ikkje få subsidiar, det vil verta sett på som konkurransevridande og ulovleg statsstøtte.

Kva vil regjeringa gjera når titals industriarbeidsplassar står i fare? Når andre næringar bukkar under fordi straumrekninga tek knekken på dei? Når fleire og fleire vanlege folk må definerast som stønads-trengjande fordi straumrekninga vert for høg? Då må regjeringa slutta med symptomlindring og gå til kjernen i problemet.

Hordaland Nei til EU krev handling. Regjeringa må erkjenne diagnosen: dette vert ikkje betre før elefanten i rommet får eit namn: EØS-avtalen. Det er på høg tid å vurdere alternativ til avtalen og å ta den politisk styringa attende til eigne folkevalde.

Toril Mongstad

8. februar 2022